

Det er no ikke att nokre statlege, såkalla høyskole-midlar til utbyggjing av breiband oppover i Uskedalen og einaste utvegen er difor at kommunen går inn med pengar. Kjell Yri opplyste dette under det første møtet i Dialogforum der Tore Mathiesen reiste denne saka. Han har allereie sendt eit brev til rådmann og nøkkel-politikarar og Elisabeth Taraldsen vil ta opp saka i eit spørsmål.

Mathiesen streka under kor viktig det er at dei som ikkje bur i sentrum og byggjefelt har samme tilbodet som andre med omsyn til breiband. Barn og unge har behov for tilgang på internett/breiband for å kunne gjera leksene sine og kommunen legg opp til utstrakt bruk av breiband. Og kartverk krev til dømes stor bandbreidde. Oppover Uskedalen er det breiband med ADSL opp til Haugland, men kvaliteten er dårleg eller variabel på heile strekningen frå Døssland og oppover. Frå Haugland og oppover er ikkje ADSL eit alternativ fordi det er for langt frå sentralen. Frå Musland er det heller ikkje dekning på ISDN.



Tore Mathiesen ivrar for fiberdekning oppover i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er viktig at ein nå finn ekstra midlar for å kunne få fibernett heilt opp til Friheim. Ein annan moglegheit er å byggja ut breiband via radiolink oppover frå Haugland. Det vil vera billegare, men det må då vera fri sikt mellom sendar og mottakar og det vil ein til dømes ikkje ha i Friheim. Det er også trong for meir vedlikehald og oppgraderingar på radiolink enn fibernett. På kort sikt kan radiolink vera eit billegare alternativ, men ikkje på sikt me den utviklinga ein har i dag.

Kvinnherad Breiband har hatt ei spørjeundersøking om interessen for breiband oppover dalen og responsen var svært positiv. Med omsyn til busettinga oppover dalen har nye generasjonar etablert seg i så å si alle tun. Dette er veldig positivt for dalen og eit tungtvegande argument for å få til ein breibandsdekning, held Mathiesen fram. Det er ikke sannsynleg at det kan utførast dugnadsarbeid for å få montert fiber fordi den må hengjast opp på høgspennelinene og det kan berre fagarbeidarar gjera.

Av Ola Matti Mathisen